

Kvartalsrapport

3-2010



SpareBank
HALLINGDAL



Kommentarar 3. kvartal 2010

Konsernet

Konsernet omfattar morbanken og dei fem heileigde dotterselskapa SpareBank 1 Ål Eigedom AS, SpareBank 1 Hemsedal Eigedom AS, SpareBank 1 Gol Eigedom AS, SpareBank 1 Hallingdal Invest AS og Hemsedal Regnskap AS. I tillegg eig banken 85% av aksjane i EiendomsMegler 1 Geilo AS.

Banken eig 5,9% av Samarbeidende Sparebanker AS og 7,5% i Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS, som er felleskontrollerte verksemdene eigd av 14 mellomstore bankar i SpareBank 1 Alliansen. Samarbeidende Sparebanker AS eig 19,5% av SpareBank 1 Gruppen AS. Resultatandelen frå dei felleskontrollerte verksemdene inngår i konsernrekneskapen i tillegg til morbanken og dotterselskapa. Banken sin del av resultatet i felleskontrollerte verksemdar utgjer 18,1 mill. kr. Dotterselskapa har innverknad på enkeltpostar i konsernrekneskapen, men har liten samla verknad på konsernresultatet.

Morbanken

Resultatutviklinga

Banken har eit driftsresultat etter skatt per 3. kvartal på 49,4 mill. kr som tilsvarar 1,17% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Resultatet for same periode i fjor var 30,4 mill. kr. Resultatet per 3. kvartal er som per 2. kvartal sterkt påverka av endringar i pensjonsavsetning og inntektsføring i samband med selskapsfusjon.

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter utgjer 80,1 mill. kr mot 72,1 mill. i same periode i fjor. Rentenettoen i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital er per 3. kvartal på 1,90%. I same periode i fjor var rentenettoen 1,68%.

Rentenettoen må sjåast i samanheng med provisjonsinntekter frå SpareBank 1 Boligkreditt AS (Boligkreditt). Ved utgangen av 3. kvartal hadde banken overført 623,3 mill. kr i bustadlån til Boligkreditt. Inntektene frå overførte lån blir ført som provisjonsinntekter og utgjer 2,6 mill. kr hittil i år. Dette tilsvarar 0,06% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Rentenetto og provisjonsinntektene frå overførte lån til Boligkreditt utgjer til saman 1,96% av gjennomsnittleg forvaltningskapital.

Netto andre driftsinntekter utgjer 49,7 mill. kr mot 39,7 mill. i same periode i fjor. Inntektsauken kjem i hovudsak som eit resultat av fusjonen mellom Nordito AS og PBS Holding AS. Fusjonen blir i rekneskapen handsama som ein realisasjon av aksjane og fører til ein gevinst på 5,5 mill. kr. I 3. kvartal har det kome ei ny verdivurdering av det fusjonerte selskapet som er lagt til grunn i rekneskapen. Denne nye vurderinga gjer at inntektsføringa i samband med fusjonen per 3. kvartal utgjer ca. 4,5 mill. kr. I tillegg til effekten av fusjonen er banken sitt utbytte på aksjane i Samarbeidende Sparebanker auka frå 5,5 til 9,7 mill. i 2010. Provisjonsinntektene er på om lag same nivå som fjoråret.

Driftskostnadane viser ein reduksjon frå 64,0 til 54,6 mill. kr og skuldast i hovudsak den rekneskapsmessige effekten av ny AFP-ordning. Banken sine pensjonsavsetningar er redusert med ca. 8,9 mill. Korrigert for denne transaksjonen har banken ein reell kostnadsreduksjon på 0,5 mill. Kostnadane er med dette på eit forventa nivå.

Resultatrekneskapen viser ein netto tapskostnad på 6,7 mill. kr, og er noko høgare enn forventa. Størstedelen av tapskostnaden kjem frå auke i dei individuelle nedskrivningane knytt til identifiserte engasjement og gruppevis nedskrivningar knytt til engasjement som er handsama som grupper av utlån. Konstaterte tap hittil i år er beskjedne.

Kvartalsresultatet er tilfredsstillande sett i lys av forventningane som er innbaka i årets budsjett. Det er ingen område som har store avvik i høve til budsjettforventningane.

Balanseutviklinga

Banken har ved utgangen av 3. kvartal ein forvaltningskapital på 5.587 mill. kr. Forvaltningskapitalen er redusert med 2,2% siste 12 månader. Frå årsskiftet er den ned litt over 100 mill. kr som i hovudsak skuldast lågare likviditet i form av innskot i oppgjersbank.

Utlånsvolumet viser ein beskjeden vekst. Totale utlån ved utgangen av 3. kvartal er 4.958 mill. kr, noko som er 109 millionar meir enn for eit år sidan. Omrekna i % er veksten 2,3% siste 12 månader. I bedriftsmarknaden har banken ein nedgang på 4,8%, medan personmarknaden har ein vekst på 7,2% siste 12 månader. Samla utlånsvest siste 12 månader inkludert overførte lån til Boligkreditt er 5,4%. Banken si relative balanseeksponering mot bedriftsmarknaden er 38,3% av samla utlån. Utlån til privatmarknaden utgjer 61,7%.

Sum engasjement som er misleghalde lengre enn 90 dagar utgjer per 3. kvartal 85,3 mill. kr av utlånsvolumet. Misleghaldet utgjer 1,72% av brutto utlån. Samla nedskrivningar for verdifall på utlån utgjer 33,4 mill. kr per 3. kvartal og er ein auke på 7,4 mill. kr frå årsskiftet. Misleghald og tap er ytterlegare spesifisert på side 4 i kvartalsrapporten.

Banken si portefølje av renteberande verdipapir klassifisert som omløpsmidlar utgjer 292,7 mill. kr (sertifikat og obligasjonar). Norske og utanlandske aksjar som inngår i handelsporteføljen er bokført til 28,8 mill. Aksjar av strategisk karakter og aksjar/andelar i dotterselskap utgjer 144,5 mill. kr.

Innskota ved utgangen av kvartalet er på 3.407 mill. kr, og er ein auke på 55,7 mill. frå same tid i fjor. Omrekna i prosent er innskotsveksten siste året på 1,7%. Utlåns- og innskotsutviklinga gjer at finansieringsgraden (innskot/utlån) ved kvartalsslutt er på 68,7% mot 69,1% på same tid i fjor.

Banken har per 3. kvartal til saman 1.315 mill. kr i eksterne lån, 5 obligasjonslån pålydande 925 mill. kr, 3 banklån på til saman 292 mill. kr og eit F-lån i Norges Bank på 100 mill. kr. Av desse låna har 517 mill. kr løpetid på under eit år. Banken har 150 mill. kr i kommitterte trekkrettar med løpetid til januar 2011 og august 2012. I tillegg kjem oppgjerskreditt på 40 mill. kr.

Banken sin soliditet er god. Kapitaldekninga er på 16,8% ved utgangen av 3. kvartal og er godt over det lovmessige kravet på 8%, samt interne kapitalmål. Resultatet hittil i år er ikkje teke med i grunnlaget for utrekning av kapitaldekning. Delårsrekneskapen er ikkje revidert.

SpareBank 1 Hallingdal har i 3. kvartal, saman med dei andre eigarane av Boligkreditt, inngått avtale om etablering av ein likviditetsfasilitet for Boligkreditt. Dette medfører at banken kommitterer (forpliktar) seg til å kjøpe boligkredittobligasjonar avgrensa til ein samla verdi av tolv månadar forfall i Boligkreditt. Kvar eigar heftar prinsippalt for sin del av behovet, subsidiært for det dobbelte av det som er det primære ansvaret i same avtale. Obligasjonane kan deponerast i Norges Bank og medfører såleis ingen vesentleg auke i risiko for banken.

Framtidsutsikter

Resultatet så langt i år utanom dei ekstraordinære inntektene er i tråd med banken sine forventningar. Det indikerer at banken vil nå eit årsresultat som er klart betre enn i 2009 ut i frå følgjande tilhøve:

Banken er godt nøgd med utlånsvæksten innafor personmarknaden og forventar at denne skal halde same nivå ut året. Utlånsvæksten til næringslivet vil gradvis bli betre, men utviklinga speglar den svake veksten i samfunnet generelt.

Med dagens låge rentenivå, er det ei utfordring for alle bankar å halde rentenettoen oppe. Banken arbeider for å halde rentenettoen gjennom bl.a. betre prising av risiko på engasjement overfor næringslivet. Styret meiner banken skal klare å halde same nivå på rentenettoen ut året.

Nivået på misleghald ventar styret at har nådd toppen slik at ein kan sjå ein liten nedgang i siste kvartal. På fleire engasjement der det er gjennomført nedskrivningar, ser ein ei svak betring, men det er for tidleg å ta vekk nedskrivningane.

Hallingdal, 30.09.10/11.11.10

Kjell Vidar Bergo Ragnhild Kvernberg Kjell R. Kristiansen
Formann Nestformann

Sissel Bjørøen Vidar Isungset Mikael Fønhus Kristin Ourom

Resultatregneskap 3. kvartal 2010 Tal i heile 1000 kroner

MORBANK						KONSERN				
Året 09	3. kv. 09	3. kv. 10	30.09.09	30.09.10		30.09.10	30.09.09	3. kv. 10	3. kv. 09	Året 09
250 015	55 020	59 887	191 510	172 400	Renteinntekter og liknande inntekter	170 369	189 020	59 113	54 382	247 068
149 588	28 861	32 388	119 420	92 344	Rentekostnader og liknande kostnader	92 309	119 171	32 325	28 756	149 412
100 427	26 159	27 499	72 090	80 056	Netto rente- og provisjonsinntekter	78 060	69 849	26 788	25 626	97 656
7 968	357	539	6 974	14 364	Utbytte og andre innt. av verdipapir med variabel avk.	21 756	18 369	7 696	7 619	26 527
36 398	9 304	9 608	27 002	28 101	Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	28 102	27 002	9 608	9 304	43 324
1 893	533	677	1 330	1 629	Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	1 629	1 330	676	533	1 885
7 130	689	-16	5 351	7 089	Netto verdiendr. og gevinst/tap valuta og verdipapir	7 089	5 351	-16	689	7 130
2 159	359	452	1 666	1 756	Andre driftsinntekter	13 747	10 839	3 778	3 194	10 847
51 762	10 176	9 906	39 663	49 681	Sum andre inntekter	69 065	60 231	20 390	20 273	85 943
152 189	36 335	37 405	111 753	129 737	Sum driftsinntekter	147 125	130 080	47 178	45 899	183 599
69 520	16 874	17 702	47 752	40 476	Løn og generelle administrasjonskostnader	47 852	53 948	19 570	18 638	78 938
1 652	428	417	1 214	1 268	Avskrivningar mv av varige driftsmiddel	5 279	5 090	1 754	1 717	7 020
19 936	4 396	4 356	15 042	12 809	Andre driftskostnader	9 526	10 565	3 153	3 071	16 612
91 108	21 698	22 475	64 008	54 553	Sum driftskostnader	62 657	69 603	24 477	23 426	102 570
61 081	14 637	14 930	47 745	75 184	Resultat før tap	84 468	60 477	22 701	22 473	81 029
6 661	1 223	1 191	5 809	6 698	Tap på utlån, garantiar mv	6 698	5 809	1 191	1 223	6 661
					Nedskr og gev./tap på verdipapir haldne på lang sikt					
54 420	13 414	13 739	41 936	68 486	Resultat etter tap	77 770	54 668	21 510	21 250	74 368
15 214	4 000	3 800	11 600	19 100	Skatt på ordinært resultat	19 864	12 211	4 046	4 231	15 933
39 206	9 414	9 939	30 336	49 386	Resultat av ordinær drift etter skatt	57 906	42 457	17 464	17 019	58 435
					Minoritetens andel	89	30	73	24	33
39 206	9 414	9 939	30 336	49 386	Resultat	57 817	42 427	17 391	16 995	58 402

Nøkkeltal

	MORBANK			
	3. kv. 10	3. kv. 09	Året 09	Norm 09
RENTABILITET				
Rentenetto i % av gj.sn forvaltn.kapital	1,90	1,68	1,76	1,80
Driftskostnader i % av driftsinntekter	42,05	57,28	59,87	54,39
Driftskost. i % av gj.sn.forvaltn.kapital	1,29	1,49	1,59	1,41
Eigenkapitalrentabilitet (før skattekostnad)	12,30	7,94	7,65	11,76
Eigenkapitalrentabilitet (etter skattekostnad)	8,87	5,75	5,51	8,90
Bokførte tap i % av brutto utlån	0,14	0,12	0,14	0,30
FINANSIERING				
Utlånsvekst (brutto) siste 12 mndr.	2,25	3,93	5,45	2,47
Innskotsvekst siste 12 mndr.	1,66	16,05	7,13	4,69
Innskot i % av brutto utlån	68,71	69,11	72,18	71,50
Auke i forvaltn.kapitalen siste 12 mndr.	-2,16	4,75	-2,53	4,53
SOLIDITET				
Netto ansvarleg kapital	705 637	674 182	711 455	
Kapitaldekning	16,79	16,02	17,00	15,96
Eigenkapitalprosent	13,65	12,45	11,70	8,56
Nedskrivning i % av brutto utlån	0,67	0,64	0,54	0,86
Berekn.grunnlag i % av forvaltningskapital	75,22	71,99	73,42	71,60

Balanse per 30. september 2010 Tal i heile 1000 kroner

MORBANK			KONSERN			
31.12.09	30.09.09	30.09.10	EIGEDELAR	30.09.10	30.09.09	31.12.09
37 803	31 315	21 853	Kontantar og fordringar på sentralbankar	21 853	31 315	37 803
357 107	402 605	121 896	Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	121 896	402 605	357 154
4 867 279	4 849 063	4 958 306	Brutto utlån til og fordringar på kundar	4 877 836	4 760 340	4 783 063
-9 135	-9 900	-14 469	- Individuelle nedskrivningar	-14 469	-9 900	-9 135
-16 900	-21 200	-18 900	- Gruppevise nedskrivningar	-18 900	-21 200	-16 900
4 841 244	4 817 963	4 924 937	Netto utlån til og fordringar på kundar	4 844 467	4 729 240	4 757 028
263 805	266 162	292 695	Sertifikat, obligasjonar og andre rentebær. v.papir	292 695	266 162	263 805
79 790	81 868	81 340	Aksjar, andelar og andre vp. med variabel avkastning	82 046	82 972	80 882
48 761	48 761	67 656	Eigarinteresser i tilknytta selskap	111 270	78 051	86 233
23 217	23 274	24 253	Eigarinteresser i konsernselskap	0	0	0
1 230	298	1 230	Immatrielle eigedelar	12 947	13 715	13 937
10 120	9 876	10 779	Varige driftsmidar	102 645	101 379	100 401
6 147	6 741	10 853	Andre eigedelar	10 853	6 741	6 147
27 056	22 134	29 866	Forskotsbetalingar og opptente inntekter	35 340	28 562	34 692
5 696 280	5 710 997	5 587 358	Sum eigedelar	5 636 012	5 740 742	5 738 082
			GJELD OG EIGENKAPITAL			
392 000	392 000	392 000	Gjeld til kredittinstitusjonar	392 643	392 000	392 908
3 513 281	3 351 009	3 406 753	Innskot frå og gjeld til kundar	3 403 249	3 343 657	3 507 248
1 014 603	1 149 592	923 053	Gjeld stifta v/ utsteding av verdipapir	923 053	1 149 592	1 014 603
24 962	25 611	33 230	Anna gjeld	35 108	27 143	30 250
16 900	68 569	63 203	Påkomne kostnader og forskotbetalte inntekter	65 768	70 592	16 900
15 407	13 473	6 424	Avsetningar til forpliktingar og kostnader	10 475	18 410	20 256
4 977 153	5 000 254	4 824 663	Sum gjeld	4 830 296	5 001 394	4 982 165
			Minoritetsinteresser	326	234	237
0	0		Fond for vurderingsforskjellar	43 918	29 290	37 472
0	0		Annan eigenkapital	-9 654	-2 487	-919
704 905	675 500	704 905	Sparebanken sitt fond	704 905	675 500	704 905
14 222	4 907	8 404	Gåvefond	8 404	4 907	14 222
0	30 336	49 386	Resultat hittil	57 817	31 904	0
719 127	710 743	762 695	Sum eigenkapital	805 390	739 114	755 680
5 696 280	5 710 997	5 587 358	Sum gjeld og eigenkapital	5 636 012	5 740 742	5 738 082
			POSTAR UTANOM BALANSEN			
626 080	619 396	581 848	Betinga forpliktingar	581 848	619 396	626 080

Misleghald og tap på utlån

Tal i heile 1000 kroner

	MORBANK		
MISLEGHALDNE LÅN	3. kv. 10	3. kv. 09	Året 09
Brutto misleghaldne lån	85 333	73 432	62 997
- individuelle nedskrivning	10 798	9 861	3 704
NETTO MISLEGHALDNE LÅN	74 535	63 571	59 293
IKKJE MISLEGH. LÅN MED NEDSKRIVING			
Brutto utlån	48 344	297	62 290
- individuelle nedskrivning	4 000	191	6 000
NETTO IKKJE MISL.H. LÅN M/NEDSKR.	44 344	106	56 290
TAP PÅ UTLÅN OG GARANTJAR			
Endring gruppe nedskrivning	2 000	2 000	-2 300
Endring individuell nedskrivning	5 339	3 325	2 697
Konstatert tap i perioden	318	520	6 389
Inngått på tidl.konst. tap	-959	-36	-125
TILBAKEFØRING (-) / TAP I PERIODEN (+)	6 698	5 809	6 661

Telefon 03202
Faks 3202 3901
post@sb1.no
www.sb1.no
Foretaksregisteret
937 889 631

Kundesenteret
Postboks 33
3551 Gol
Forretningsadresse
Postboks 173
3571 Ål

Ål Postboks 173 3571 Ål
Geilo Postboks 13 3581 Geilo
Gol Postboks 33 3551 Gol
Hemsedal Postboks 23 3561 Hemsedal
Valdres Postboks 183 2901 Fagernes

SpareBank
HALLINGDAL

